



PETROLEUMSTILSYNET

Vår Energi AS
Postboks 101 Forus

4064 STAVANGER

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.
LT-229-PSA-1003

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2021/1604/TES

Dato
08.02.2022

Pålegg etter tilsyn med barrierar for konstruksjon, maritime system, stigerøyr og subsea på Goliat - aktivitet 064229014

I perioden 29. november – 2. desember 2021 førte vi tilsyn med barrierar for konstruksjon, maritime system, stigerøyr og subsea på Goliat.

Vi viser til varsel om pålegg datert 19. januar 2022 og oversendinga av rapporten vår. I samsvar med varselet gir vi følgjande pålegg:

Med heimel i rammeforskrifta § 69 om enkeltvedtak pålegg vi Vår Energi å:

- gjere ei uavhengig gransking av hendinga med skade på gassinjeksjonsstigerøyr på Goliat, inkludert oppfølging i ettertid. Jamfør styringsforskrifta § 20 om registrering, undersøking og gransking av fare- og ulykkesituasjonar, sjå rapporten sitt kapittel 5.1.1*
- etablere eit system for å sikre at selskapet har oversikt over integriteten til dei fleksible stigerøyra med tilhøyrande sikkerheitsutstyr på Goliat og at det til ei kvar tid er oversikt over status på barrierar og eventuelle svekkingar knytt til desse systema. Jamfør styringsforskrifta § 19 om innsamling, bearbeiding og bruk av data, sjå rapporten sitt kapittel 5.1.2 og styringsforskrifta § 5 om barrierar, sjå rapporten sitt kapittel 5.1.3.*

Frist for å etterkomme pålegg i kulepunkt 1 er sett til 1.9.2022. Fristen for å etterkomme pålegg i kulepunkt 2 er sett til 30.11.2022. Vi skal ha melding når pålegga er etterkomme.

Det kan klagast på vedtaket etter forvaltningslova § 28. Fristen er tre veker frå de mottek dette brevet. Arbeids- og inkluderingsdepartementet er klageinstans, men ei

eventuell klage skal sendast til oss. Nærare opplysingar om rett til å klage og framgangsmåte kan de få hjå oss.

Vedtaket skal gjerast kjend for dei tillitsvalde for arbeidstakarane, mellom anna verneomboda, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Vedtaket blir publisert på www.ptil.no.

Med helsing

Odd Rune Skilbrei e.f.
tilsynsleiar

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har difor ingen signatur